



Arkivnr: 2014/12509-21

Saksbehandlar: Inger Marken

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Administrasjonsutvalet		30.05.2018
Fylkesutvalet		31.05.2018

Godtgjersle til elektroniske kommunikasjonstenester

Samandrag

Fylkesrådmannen har utarbeidd nytt reglement om godtgjersle til elektroniske kommunikasjonstenester for Hordaland fylkeskommune. Eit sentralt premiss for det nye reglementet er at faste kontortelefonar skal fasast ut for å tilpasse telefoni i fylkeskommunen til teknisk utvikling og digitalisering.

Formålet med reglementet er å gi reglar i samband med at arbeidstakar må ha elektroniske kommunikasjonstenester som hjelpemiddel av omsyn til tenesta/funksjonen deira. Hovudreglane i reglementet er at arbeidsgivarfinansiert telefon til ei kvar tid skal følge innkjøpsavtalen til Hordaland fylkeskommune, og arbeidsgivar skal syte for at arbeidstakar har nødvendig verktøy.

Det nye reglementet vil avløyse eksisterande reglement for elektroniske kommunikasjonstenester som vart vedteke i fylkesutvalet 11. juni 2014.

Hovudforskjellar mellom eksisterande og nytt reglement:

- Ein får dekka inntil kr 500,- i forbruk inkludert 5 GB datatrafikk per måned.
- Ved trong for mobiltelefon som kontortelefon, får ein fri bruk inkludert inntil 100 MB data i månaden.
- Ved bruk av privat mobiltelefon for pålogging med sterk autentisering vert det gitt stønad på kr 50,- pr måned
- I forslaget til nytt reglement endrar ein ordninga der arbeidsgivar kan gi stønad til bruk av privat mobiltelefon frå kr 250,- til kr 119,- pr. måned.
- Det vert ikkje lenger gitt godtgjersle for fasttelefon og IP-telefoni.

Økonomi: Det forventast ikkje at nytt reglement vil påverke telefonikostnadane i HFK i monaleg grad. Utfasing av faste kontortelefonar vil gje inn sparingar på innkjøp og drift.

Klima: Det forventast ikkje at det nye reglementet vil påverke miljøet samanlikna med eksisterande ordningar for telefoni. Rutinar for avhending av gammalt utstyr skal følgast.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Regional planstrategi: Ikkje relevant.

Forslag til vedtak

Reglementet «Godtgjersle til elektroniske kommunikasjonstenester» blir vedteke slik det ligg føre i vedlegg til saka.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Revidert reglement for "godtgjersle til elektroniske kommunikasjonstenester"

Fylkesrådmannen, 02.05.2018

Om nytt reglement

Mange arbeidsoppgåver i Hordaland fylkeskommune involverer bruk av smarttelefon i dag, og det er likt til at denne utviklinga vil fortsette. Difor er det behov for eit reglement for elektroniske kommunikasjonstenester som er tilpassa utviklinga, som legg til rette for naudsynt bruk og som er enkel å administrere.

Hovudregelen er at dersom arbeidstakar har bruk for mobiltelefon av omsyn til tenesta/funksjonen, skal arbeidsgjevar syte for at arbeidstakar har dei nødvendige verktøya.

Arbeidstakarar som har arbeidsgivarfinansiert mobiltelefon får i framlegget til nytt reglement dekkja dette etter følgjande retningslinjer:

- Ved kjøp av telefon vil ein ha eit standardsortiment av aktuelle modellar som er i tråd med HFK sine rammeavtalar. Desse telefonane er meint å skulle dekke vanlege tenestlege behov for ulike grupper tilsette.
- Forbruk i og utanfor tenesta dekkast inntil kr 500. Dette inkluderer 5 GB datatrafikk per måned. Overskytande dekkast av arbeidstakar.

Bruk utover reglementerte grenser skal den tilsette betale for sjølv, men det kan krevjast refusjon for bruk som er jobbrelatert. Som hovudregel skal ikkje abonnementet brukast til innhaldstenester.

Telefonen vert rekna å ha ei levetid på minimum 3 år. Som hovudregel skal ikkje arbeidsgjevar gi stønad til ny telefon før det er gått 3 år. Det er fylkeskommunen som eig mobiltelefonen..

Som ledd i digitaliseringa av HFK har fylkesrådmannen initiert eit prosjekt for fast kontor-mobiltelefon. Tradisjonell fasttelefon vil gradvis verte bytt ut med mobiltelefon på kontorplass. Dette skal skje planmessig, med start i fylkesadministrasjonen.

Saka vert drøfta med dei tillitsvalde 16. mai 2018.